



Time kommune
Postboks 38
4349 Bryne

Tilsyn med Time kommune - opplæringslova § 13-10

Vi viser til tidlegare kontakt med rådmann Britt Edland og kommunalsjef oppvekst Ørjan Daltveit om tilsyn med Time kommune **tysdag 16. mars 2006**.

I 2006 skal Fylkesmannen gjennomføre eit felles nasjonalt tilsyn etter oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Tre kommunar i Rogaland er valde ut til å delta i det nasjonale tilsynet. Time kommune er ein av desse.

Heimel for tilsynet er opplæringslova § 14-1 og delegert mynde frå Utdanningsdirektoratet.

Tema for tilsynet

Kommunen si plikt til å ha eit forsvarleg system for vurdering og oppfølging av at krav i opplæringslova blir oppfylt, går fram av opplæringslova § 13-10, 2. ledd, og er nærare synleggjort gjennom krava i forskrift til opplæringslova § 2-1 Skole og lærebedriftsbasert vurdering og § 2-2 Rapportering frå kommunen og fylkeskommunen.

Metode for tilsynet

Tilsynet vil bli utført som systemrevisjon, og er retta mot Time kommune som ansvarleg for grunnskole. Metoden baserer seg på intervju med personar i ansvarskjeden i kommunen og gransking av dokument kommunen har utarbeidd på området.

Gjennomføring

Fylkesmannen har sett opp følgjande plan for gjennomføring av tilsynet:

Formøte	tysdag 21. febr. 2006	kl. 13.30 – 15.00
Tilsyn/intervju	tysdag 16. mars 2006	kl. 09.00 – 16.00
Sluttmøte	tysdag 23. mars 2006	kl. 09.00 – 10.30

Fylkesmannen vil under tilsynet intervjuje rådmann, skoleansvarleg på kommunenivå, rektorane ved Rosseland skule og Bryne ungdomsskule og ein lærar frå kvar av desse skolane.

Dokument

Vi ber om å få tilsendt følgjande dokumentasjon:

- organisasjonskart for kommunen
- delegasjonsreglement i kommunen
- kommunen si årsmelding
- årsrapport for skoleområdet
- eventuelle kommunale retningslinjer for vurderingsarbeidet

- skolane sine planar for arbeidet med skolebasert vurdering
- evt. utarbeidde rutinar for skolebasert vurdering
- evt. rapportar eller anna oppsummering av gjennomført skolebasert vurdering
- andre dokument som kommunen sjølv meiner er relevante for tilsynet

Vi ber om at ovannemnde dokumentasjon blir sendt til Fylkesmannen si utdanningsavdeling innan 1. mars 2006.

Vi har fått opplyst at Ørjan Daltveit er vår kontaktperson i Time kommune under førebuing og gjennomføring av tilsynet.

Tilsynet vil bli gjennomført av Marta Vignes Steine, Jorunn H. Barka og Audun Gjerde (tilsynsleiar).

Med helsing

Sølvi Ona Gjul
utdanningsdirektør

Audun Gjerde
seniorrådgivar

*Saksbehandlar: Audun Gjerde
Saksbehandlars telefon: 51 56 87 36
E-post: audun.gjerde@fmro.no*